



# Medlemsbrev—august 2010

KLEPP FRIKYRKJE

Årgang 5 nummer 5

August 2010

## Årets kurs

Det er meir in enn nokon gong å jobbe med seg sjølv. Vi lever i ei individualisert tid, som for mange handlar om meg og mitt. Korleis kan eg utvikle meg for å nå eit større potensial, for å tene meir pengar osv. Og opnar ein ei litt større avis, ser ein at dei flommer over av kurstilbud. Tankefeltterapi, kurs til livshjelp, kurs for å komme i kontakt med selvet, tidligare liv etc for å komme meir i balanse. I tillegg kan du prate med spådamer som bruker krystallkuler og tarotkort for å føreseie framtida. Det er mange bevisstgjeringssteknikkar å lære som sikkert er gode i desse kursa, men det ligg ein sterk ideologi bak: at mennesket sjølv står i sentrum, og at kurshaldarane i bønn og grunn er ute etter å tene pengar på søkjande menneske som ynskjer å komme meir i balanse.

Men alle desse tilboda kan ikkje hjelpe mot menneskets grunnproblem: opprøret mot Gud. Skal vi få hjelp med det, er det berre ein plass å gå: til Gud sjølv. Alt heng saman med vårt forhold til Gud. Vår mentalhygiene, forholdet til oss sjølve og andre... For er det ikkje oss, så er det kva andre syndige menneske har påført oss. Dei hinduistiske og buddhistiske prinsippa som ligg bak mange av dei tilboda som blir presentert i avisene kan ikkje hjelpe oss med dette uansett. For dei reknar ikkje med ein Gud som har blitt menneske.

Jesus sa: "Mitt rike er ikkje av denne verda" (Joh 18:36). Han sa og: "Søk først Guds rike og hans rettferd" (Matt 6:33). Dette er det billigaste kurset som finst - fordi det kosta gjevaren

alt. Det er ingen "guru" som er henta fra India eller frå England som leier det, men Guds einborne Son, som sjølv blei menneske for å redde ei fallen verd. Kurset heiter disippelgjerung, og er det mest tilgjengelege av alle livsmestringskurs fordi Guds rike er her og no. Guds rike er tilgjengeleg i ditt og mitt liv på ein slik måte at vi kan bli forandra dag for dag. Og det er ikkje tankens kraft vi skal finne i oss sjølve, men Den Heilage Andens kraft som bur i oss, som forandrar oss.

Kurset er gratis, og det einaste det kostar oss er vårt innimellom litt for komfortable og begrensande liv. Det er ingen høg pris å betale, om vi hadde forstått det Gud har for oss.

Helsing Ola

## Bønemøte i kyrkja

Me ynskjer å gå inn meir aktivt i bønearbeidet for kyrkja og bygda. Vi vil derfor ha bønemøter annakvar måndag i haust (oddetal).

Møta startar kl 20 og blir i kjellarstova. Oppstart 16/8.

Bøneemne kan meldast til kontoret eller sendast til [klepp.menighet@frikirken.no](mailto:klepp.menighet@frikirken.no).

De kan og ta i bruk bønekrukkene som står i kyrkjesalen under gudstenestene.

Frelse - fornying - fellesskap

## PROGRAM:

### August

Søn. 8	kl. 11.00	Gudsteneste i kyrkja
Fre. 13		<i>Kick-off:</i> Nattåpent med servering
Søn. 15	kl. 11.00	Gudsteneste i kyrkja
Lør. 21	kl. 10.00	Seminar & lunsj i kyrkja. Påmelding til kontoret seinast 18/8
Søn. 22	kl. 11.00	<i>Kick-off:</i> Festgudsteneste i kyrkja. Ta med grillmat.
	kl. 20.00	<i>Kick-off:</i> Lovsongsmøte
Søn. 29	kl. 11.00	Gudsteneste m/ nattverd i kyrkja
		Menighetsmøte etter gudstenesta
	kl. 18.00	Kick-off på Voll

### September

Søn. 5	kl. 11.00	Familiesamling i kyrkja kl. 11.00
		Møte på Voll
	kl. 19.00	Kveldsmøte med mat i kyrkja
Søn. 12	kl. 11.00	Gudsteneste i kyrkja
Søn. 19	kl. 11.00	Gudsteneste m/ nattverd

## Inspirasjonssamlinger i september

Til alle som har gitt løfte om åuka gjevarteneste:

Husk at du sjølv må ordne dette i banken/ nettbanken!

Onsdagane i september skal vi prøve noko som er heilt nytt. Dette blir samlingar for dei som ganske enkelt ynskjer meir av Gud i livet sitt. Det blir bindande påmelding, og vi forventar at dei som kjem vil setje av tid til å komme alle gongene. Kanskje virkar dette litt rart, men vi trur at Gud gjer noko i den prosessen vi går inni gjennom ein slik månad meir enn frå gong til gong.

Målet med kveldane er for oss at den enkelte skal finne ut kva Gud kallar oss til, og at vi ynskjer å utfordre kvarandre til å våge å satse på det. Dette er fordi vi trur at det viktigaste for vår menighet er at kvar enkelt får gå i det som Gud har for oss, og når det skjer, vil menigheten automatisk gå fram. Så la oss be om frihet – for kvarandre og for menigheten – for dette trur vi er noko

## Kick-off!!

- Fredag 13. august *Nattåpent fra kl. 18.00.*  
Utdeling av kaffe og lapper.
- Lørdag 21. august Seminar i kyrkja kl. 10 –13.  
Undervisning v/ Thomas Rake,  
pastor i Bedehuskyrkja på Bryne.  
Barneparkering opp tom 3. klasse.  
Lunsj. **PÅMELDING TIL KONTORET  
SEINAST ONSDAG 18/8.**
- Søndag 22. august "Alle mann alle" –gudsteneste kl. 11.00  
Innsetting av ny ungdomsarbeidar  
Liv Heidi Lie-Bjelland. Ta med grillmat.
- Lovsangsmøte kl. 20.00  
Ola Ohm og Åsa Thorstvedt deltar.

Kontaktinfo: (trefftid onsdagar)

Pastor Ola Ohm, tlf 51 42 09 20/404 51 357

Pastor Lars Magne Ropstad, tlf 476 77 950

Ungdomspastor Geir Børresen, tlf 930 49 012

Ungdomsarbeidar Liv Heidi Lie-Bjelland, tlf 948 02 264

Barnearbeidar Åse Mellemstrand, tlf 51 42 14 20/984 15 983

Administrasjonsleiar Åsa Thorstvedt, tlf 51 42 14 20/915 70 690

Omsorgsteam: Anne Sofie Tho tlf 404 63 276, Margun Undheim tlf 970 99 206

E-post: [klepp.menighet@frikirken.no](mailto:klepp.menighet@frikirken.no). Gjevarkonto: 3290 35 00009.

Heimeside: <http://www.klepp-frikyrkje.no>

## OPPSTART I BARNEARBEIDET HAUSTEN 2010

- *Klepp barnegospel* (frå 4 år)  
Syng tysdagar kl. 17.15-18  
Oppstart: 31. august  
Kontakt: May Siren Aabrekk tlf 97 67 03 57
- *Sprell levende* (1.—4. klasse)  
Dansar annankvar onsdag kl. 17.30-18.30  
Oppstart: 25. august  
Kontakt: Ingvild Bore tlf 97 50 23 46
- *Friskus* (5.—7. klasse)  
Samlast annankvar søndag kl. 18-19.30  
Oppstart: 29. august  
Kontakt: Thore Fuglestad tlf 46 40 56 33

### Frå eldsterådet

Kjære alle saman!

No er det nytt semester, og vi vil gjerne takke alle som gir av tid og krefter inn i menigheten. Det er fantastisk for oss å sjå engasjementet de legg ned for at arbeidet vårt skal gå rundt.

Det første som står for døra no er Kick-off, og vi håpar at dette skal inspirere til god innsats inn i hausten og vinteren. Thomas Rake frå Bedehuskyrkja på Bryne kjem og skal inspirere oss på lørdagen, og søndagen er det

"Alle mann alle"-gudsteneste der Liv Heidi Lie-Bjelland skal innsetjast som menighetsarbeidar. Lovsongsmøtet på kvelden er og fast program på Kick-off. Vi håpar at de set av begge desse dagane!

Bruk og muligheten til å la Gud få berøre deg på onsdagskveldane i september. Det er det vi ønsker aller mest for deg!

### Visjon:

Klepp Frikyrkje er kalla til å vere ei kyrkje for FRELSE, FORNYING og FELLESSKAP.

"Han som vil at alle menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna." 1 Tim 2,4

"Men la dykk omskapa ved at de får eit nytt sinn og kan dømma om kva som er Guds vilje: det gode, det som er til glede for Gud, det fullkomne." Rom 12,2

"Alle som var komne til tru, heldt saman og hadde alt i lag." Apgj 2,44